

Verst på Kvamskogen

Ifølgje vegstellet sine målingar er Kvamskogen den verste råkøyingsstrekka i landet, opplyser Dagbladet.


Den høgaste målte farten er 289 kilometer i timen. Dei tre siste åra har farten på tre bilar vore målt til over 240 kilometer i timen. Fartsmålarane som ligg nedstøypte i asfalten, viser at det er om natta det føregår på Kvamskogen og andre utsette råkøyingsstrekker. Systemet måler svært presist, men registrerer korkje biltype eller registreringsnummer. Motorsyklar vert ikkje registrerte i det heile.



Fort på Kvamskogen

Nedsett fart og utvida avkøyrslar er naudsynte trafikksikringstiltak på Kvamskogen, seier leiaren i Kvamskogen Vel, Erik Bjerring Hansen (biletet).

Farleg fort over Kvamskogen



Erik Bjerring Hansen meiner det trengst ein innsats for tryggleiken langs riksvegen (foto: Sigbjørn Linga).

Hytteegarane er ikkje nøgde med trafikktryggleiken på Kvamskogen og vil ha nedsett fartsgrense på riksvegen.

men har ikkje fått særleg respons på krav om nedsett fart.

Styreleiar Erik Bjerring Hansen seier til HF at hytteegarane ved fleire høve har maza både på Statens vegvesen, lensmannen i Kvam og Kvam herad om saka.

– Me ønskjer helst at fartsgrensa skal verta nedsett permanent, men kan kanskje slå oss til ro med lågare fart i perioden frå vinterferien til over

påske, opplyser han.

– Men vegkontoret brukar lang tid på å bestemma seg. Lensmannen har ikkje pengar til å overvaka trafikken, og meiner difor at fartsgrensa kan vera slik ho er. Kvam herad vil halda på dagens fartsgrense fordi kvenningane skal koma seg raskt til byen, hevdar Bjerring Hansen.

– Dette er tynne argument som ikkje held mål, held han

fram. Kvifor er det til dømes nedsett fart gjennom Eikedalen? Tida er absolutt inne for å gjera noko med tryggleiken, for til vinteren er det venta stor trafikkauke, seier styreleieren. Kvamskogen Vel har dessutan oppmoda vegstellet om å utbetra dei gamle brue- ne på strekkja mellom Eikedalen og Tysse, og å gjennomføra sikring ved avkøyringane over Skogen.

ÅSMUND SOLDAL

Interessorganisasjonen Kvamskogen Vel ottast for trafikktryggleiken på Kvamskogen,